



Referat frå møtet 28.2.2024, veke 9

Vi var 20 til stades – medrekna fem gjester. Mellom dei var ikkje berre föredragshaldaren, men òg tre medlemer i Lågendalen RK, som var komne ein ærend frå Svarstad i Vestfold for å gjeste oss.

President **Kjersti Hamborg Martinsen** opna møtet med diktet «Å danse med et barn» av Åse Gulbrandsen – sjå ramma. Ho gratulerte **Turid Isnes** med 53-årsdagen 21. februar.

Det var to **Tigris-innlegg**. **Berit Midtgård**: Det er framleis nokre opne punkt i aktivitetsplanen til Leo. **Hans Jacob Beck** gjorde fortalde om eit morosamt møte to småjenter som sat og selde saft og kjeks. Då han orsaka seg med at han mangla kontantar, var svaret at dei tok Vipps!

Innkomande president Eva Boxaspen introduserte *kveldens föredragshaldar* – **Brita Helleborg**, som heldt eit föredrag med tittelen **Klimaglede**. Ho er utdanna sivilingeniør, og har i mange år jobba som prosjektleiar i oljeindustrien.

Ho byrja med å fortelje at ho i 1980, som ung student, var på eit föredrag om klimautfordringane som alt den gongen trua planeten vår. Föredragshaldaren var Jørgen Randers. [Referenten legg til at Randers i 1972 skreiv boka *Hvor går grensen?* Ut frå data-modellar for folkeauke, forbruk og ressurstilgang freista han å rekke ut kva tid menneskeleg forbruk kom til å overskride dei fysiske grensene til jordkloden – tydeleg inspirert av Thomas Malthus (1766–1834) si bok *An Essay on the Principle of Population* (1798).]

Etter föredraget var Helleborg sjokkert, men tenkte at det kom til å ordne seg – vi hadde trass i alt politikarar som kunne gjere noko med saka. Dei kom heilt sikkert til å ta seg av problemet.

I 2014 fekk Helleborg vite at ho skulle bli bestemor, og glede var stor. Så kom ho på föredraget ho hadde høyrt i 1980. Det hadde enno ikkje skjedd store endringar. Politikarane hadde ikkje teke tak. Vi haddje ikkje endra kurs. Om ikkje politikarane ville gjere det ho håpa, nemleg ein innsats for å hjelpe klimaet, ville ho sjølv gjøre det.

I 2022 gav ho ut boka *Klimaglede* – «guiden til å få mer glede inn i livet samtidig som du bidrar for framtidens klima». Klimagleda kjem til overflata når du er trygg på at klimautfordringane ikkje er di skyld. Du kan vere ein del av løysinga utan å ofre det som er viktig i livet. «Jeg er opptatt av at vi må spille på lag med oss selv, hvordan vi fungerer sosialt, og hvordan hjernen vår opererer. Slik jeg ser det, er det utrolig viktig at vi møter de utfordringene kloden vår står i med kjærlighet og omtanke for oss selv, og ikke klandring og peking av fingre.»

Langesund, 4. mars 2024, **Rolf Theil**

Å DANSE MED ET BARN

Av Åse Gulbrandsen

Hun går dit hun vil, jeg følger etter
 Hun vet at jeg er der
 men hun føler seg fri
 Jeg er observant
 jeg ser ikke på noe annet enn
 på henne
 Kun henne

Hun føler seg fri
 Hun går dit hun vil
 Ved kanten lager jeg et gjerde
 med føttene mine, ikke et
 stengsel,
 men et nesten umerkelig
 signal om å endre kurs
 Hun endrer kurs,
 vi endrer kurs
 Jeg følger etter

Retningen skiftes fort – litt bort
 her og litt bort der
 Hun er fri som bare et fritt
 barn kan være
 Jeg følger etter
 Følger hvert trinn
 Snur hun, snur jeg.
 Løper hun, løper jeg
 Hun fører
 jeg sikrer
 Tiden står stille
 Jeg danser med et barn

